

Godt nøgde med Smak av Ulstein, med unntak av veret

Smak av Ulstein 2013 vart eit fint arrangement, bortsett frå veret.

Anne Gry Eilertsen
anne.gry@vikebladet.no

Smak av Ulstein starta torsdag og

vart avslutta søndag kveld. Alle dagane baud på både regn og vind, og dette la naturleg nok ein dempar på uteaktivitetane og folkefylde i gatene. Men dei to kjøpesentera hadde mykje besøk, så mange har nok søkt ly der når regnbygene stod på som verst.

- Vi har ikkje hatt tid til å oppsummere enno, svarer Anikka

Brandal, medlem i den kommunale arrangementskomiteen for Smak av Ulstein.

Men personleg meiner ho det er grunn til å vere nøgd med årets utgåve av arrangementet.

- Vi i komiteen sit att med ei god kjensle, og veret kan vi ikkje gjere noko med. Der må vi berre ta det som kjem, legg ho til.

Arrangementet som samla mest folk var konserten med Hellbillies på Sjøborg Fredag. 520 personar løyste billett til konserten halleggjølane.

Så mange kom det avgjort ikkje til konserten "Lyden av Ulstein" søndag ettermiddag. Men for dei framførte vart det ei fin oppleving.

- Eg synest konserten var fantastisk. Både reint kunstnarleg og med alle dei flinke borna som tok del. Det har vore artig å få vere med å sjå på prosessen fram til det vart ein fullt ferdig konsert, kommenterer Anikka Brandal.



Markus Hernes har hatt mange feriar i Ulsteinvik og assosierte lyden av Ulstein med bilar på veg til arbeid.

Innovativ lydleik

Den maritime industrien i Ulstein skein igjen både gjennom bilete, film, grafikk og komposisjonane.



Elevane frå kulturskulen som var med under "Lyden av Ulstein" imponerte med spel, song og rap.

"Lyden av Ulstein" slo til med ei sprudlande, innovativ og visuell framsyning.

Andreas Steinnes Bjerknes
andreas.bjerknes@vikebladet.no

Kva får ein ved å kombinere profesjonelle musikarar og lydmakarar, kulturskuleelevar, bilete, video og lydar frå mellom anna verftsindustrien? Jau, då får ein "Lyden av Ulstein".

- Etter 30 år med feriar, der eg såg ut av kjøkenvindaugat hjå bestemor, var inntrykket mitt at lyden av Ulstein var bilane på veg ut til verfta. I løpet av dette prosjektet,

med hjelp frå alle dei tre verfta har vi freista å finne den verkeleg "Lyden av Ulstein", introduserte Markus Hernes.

Lydsamlarar

Tre grupper elevar frå Ulstein kulturskule har vore ute på verfta saman med dei profesjonelle kunstnarane for å samle inn lydar, og dei hadde med seg både klagen frå robothallar, prat og intervju med arbeidarar og dei umiskjennelige lydane av livet ved sjøen.

Under arbeidsveka i Ulsteinvik har musikarane og elevane komponert melodiar og sengar ved å nytte lydar dei samla inn, men det vart også tid til å komponere under konserten og publikum vart trekte

inn for å hjelpe til.

- Vi komponerer i stor fart, fekk publikum vite, medan frivillige kom fram for å spele inn lydar som vart nytta i komposisjonen.

Kulturskuleelevane fekk vise mykje av det dei har lært, og imponerte både på instrument og med nykomponert rap om at "Ulsteinvik er litt av alt, mykje nytt og noko gamalt", og lettare surrealistisk song om oppvekst i Ulsteinvik.

Audiovisuell framsyning

Publikum fekk ikkje berre høyre lydar, men fekk med seg ei framsyning som tok i bruk både lyd og bilete for å forsterke inntrykka. Bilete, video og datagrafikk levde på



Publikum vart inviterte med til å lage nye lydar til ein av komposisjonane.

veggen bak scena, medan lydane frå opptak vart smelta saman med lyd og musikk frå utøvarane på scena.

Under leiing av dei profesjonelle musikarane fekk kulturskuleelevane verkeleg utfalde seg i jakta på den definitive "Lyden av Ulstein" og deltaking i eit slikt

prosjekt bør kunne inspirere til meir innsats i tida som kjem. "Lyden av Ulstein" var på mange måtar ein hyllest til den maritime industrien i kommunen, men også ein hyllest til kreativitet og musikalitet, samt glede over å skape noko nytt.